
Fra: Bøe, Silje Sævik <fmhossb@fylkesmannen.no>
Sendt: 3. juni 2015 13:33
Til: Postmottak Lindås
Emne: Stadfestet - Lindås - Gnr 188 bnr 633 - Tilbygg og påbygg - Saksomkostninger
Vedlegg: Lindås – gnr 188 bnr 633 - tilbygg og påbygg - saksomkostninger.pdf

Hei,

Vedlagt er vårt vedtak i dykkar sak 14/2353 – 14/27601.

Lindås – gnr 188 bnr 633 - tilbygg og påbygg - saksomkostninger: Lindås – gnr 188 bnr 633 - tilbygg og påbygg - saksomkostninger.pdf

Med vennlig hilsen

Silje Sævik Bøe
Rådgiver

Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal – og samfunnsplanavdelinga
Telefon: 55 57 23 66
fylkesmannen.no/hordaland



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, innvalgstelefon
Silje Sævik Bøe, 5557 2366

Vår dato
03.06.2015
Dykkar dato
12.03.2015

Vår referanse
2015/4201 423.1
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås – gnr 188 bnr 633 - tilbygg og påbygg – sakskostnadar

Vi viser til oversending frå Lindås kommune, mottatt her 12.03.2015.

Vedtak

Fylkesmannen stadfestar Lindås kommune sitt vedtak av 10.12.2014, sak 14/2353 – 14/27601.

Bakgrunn

Lindås kommune gav den 15.02.2002 rammeløyve til oppføring av nybygg på gnr. 188 bnr. 633. Vedtaket blei påklaga av Foss Utviklingssselskap AS ved brev av 11.03.2002. Kommunen handsama saka den 18.04.2002, og klaga blei ikkje tatt til følgje. Saka blei likevel ikkje sendt til Fylkesmannen for realitetshandsaming, sidan tiltakshavar trakk søknaden som danna grunnlaget for kommunen sitt vedtak av 15.02.2002. Det blei sendt inn ny søknad med ny plassering av bygget. Det skjedde som følgje av ein makeskifteavtale mellom partane av 15.05.2002, der tomte til tiltakshavar blei flytta. Klagesaka blei med dette avslutta av kommunen.

Klagar opprettheldt klaga ved brev av 16.05.2002, 19.09.2002 og 06.11.2002, og gjorde gjeldande at saka måtte sendast til Fylkesmannen for klagehandsaming. Bakgrunnen for dette var blant anna at klagar ville krevje dekka sakskostnadar dersom vedtaket blei endra til gunst for klagar.

Fylkesmannen fann i vedtak av 02.07.2003 at klagar ikkje hadde krav på å få realitetshandsama klaga av 12.03.2003, og stadfesta kommunen sitt avvisingsvedtak av 11.12.2002. Klagar kravde i brev til kommunen av 26.11.2004 dekning for sakskostnadar, og har opprettheldt kravet om at klaga skal realitetshandsamast, seinast ved brev av 04.05.2013.

Kommunen avviste krav om dekning av sakskostnadar i brev av 01.12.2004, der det blei vist til vedtak frå Fylkesmannen av 02.07.2003. Lindås kommune gav 10.12.2014 avslag på krav om sakskostnadar. Vedtaket blei påklaga av klagar ved brev av 15.12.2014 og 19.01.2015.

Klagar gjer i hovudsak gjeldande at han har krav på dekning av sakskostnadar i samband med klage over kommunen sitt vedtak av 15.02.2002. Det blir vist til at kommunen si beskriving av bakgrunnen for saka er sjølvmotseiande med omsyn til om klagesaka blei sendt til Fylkesmannen. Klagar har krav på at klaga over vedtaket blir realitetshandsama av

klageinstansen. Ved ei eventuell endring av vedtaket til gunst for klagar, vil han kunne få dekkja kostnadane han har hatt med saka. Vi viser elles til klaga og til supplerande brev i sin heilskap.

Lindås kommune handsama saka den 12.03.2015. Klaga blei ikkje tatt til følgje. Saka er deretter sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd. Klagar har gitt ytterlegare merknader ved brev mottatt her 24.04.2015.

Når det gjeld bakgrunnen for saka elles, viser vi til saksdokumenta som vi føreset at partane er kjende med. Fylkesmannen finn at saka er tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova (fvl.) § 17 første ledd.

Fylkesmannen si vurdering

Forvaltningslova gjeld for Fylkesmannen si handsaming av saka. Fylkesmannen kan prøve alle sider av vedtaket som er påklaga, og ta omsyn til nye omstende, jf. fvl. § 34. Klageinstansen kan stadfeste, omgjere eller oppheve kommunen sitt vedtak.

Det følgjer av fvl. § 36 første ledd at «*[n]år et vedtak blir endret til gunst for en part*», skal han tilkjennast dekning for vesentlege kostnadar som har vore nødvendige for å få endra vedtaket.

Etter ordlyden i lova må det liggje føre eit vedtak som er blitt endra av forvaltinga i parten sin favør. Det er etter endringa av fvl. § 36 ikkje lenger høve til å tilkjenne dekning av sakskostnadar etter ei rimelegheitsvurdering i saker der vedtaket ikkje er blitt endra. Vi viser til Justisdepartementet sitt rundskriv G-37/95 punkt 2.15 bokstav a.

Rammeløyvet av 15.02.2002 er ikkje endra av kommunen. Slik Fylkesmannen ser det, kan ikkje det at klagar si rettslege stilling er blitt bedra ved at søknaden er trekt og rammeløyvet dermed er bortfalt reknast som at vedtaket er endra til gunst for klagar.

Det er etter dette dermed ikkje grunnlag for å tilkjenne klagar dekning for sakskostnadar i samband med klage over kommunen sitt vedtak av 15.02.2002, jf. fvl. § 36 første ledd. Det kan også bli stilt spørsmål ved om kravet om sakskostnadar er sett fram innanfor fristen på 3 veker etter fvl. § 36 tredje ledd.

Fylkesmannen har ikkje tatt stilling til erstatningsrettslege sider ved saka.

Når det gjeld klagar sine merknader til andre saker han har hatt til handsaming hos Lindås kommune, så er desse ikkje relevant for den aktuelle klagesaka om sakskostnader. Desse forholda kan rettast til kommunen som rette instans.

Klaga har etter dette ikkje ført fram. Fylkesmannens vedtak på side éin er endeleg og kan ikkje påklagast.

Med helsing

Laila Pedersen Kaland e.f.
seniorrådgjevar

Silje Sævik Bø
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Foss utviklingselskap AS Kvasnesvegen 23 5914 ISDALSTØ